

Krav om revisjon av konsesjonsvilkår for Årøyvassdraget

18.03.25

Ei rekkje konsesjonar for vasskraftutbygging kan reviderast, konsesjonen for Årøyvassdraget er ei av desse.

Hafslovatnet Grunneigarlag krev med dette revisjon av konsesjonsvilkåra for Årøyvassdraget.

Hafslovatnet Grunneigarlag eig og forvaltar delar av Årøyvassdraget, herunder Hafslovatnet, området Straumane, og deler av Veitastrondsvatnet. Hafslovatnet med tilhøyrande områder er eit kjent vatn for fiske etter stor innlandsaure. Vatnet vert nytta til sportsfiske, garnfiske, ulike båt, kajakk og kano aktivitetar, rekreasjon og naturopplevingar for lokale, tilreisande og turistar.

Årsaken til kravet om revisjon er delt i 3 punkt.

1. **Handtering av grasvekstproblemet i Hafslovatnet og Straumane.**

Hafslovatnet og området Straumane har i ei årrekkje vore utsett for attgroing. Botn vegetasjon i vatnet overtek tilnærma alt av areal som tidlegare var grus og stein. Attgroinga øydelegg gyteplassar og er til hinder for sports- og garnfiske. Før utbygginga av vassdraget var ikkje dette eit problem, og ein meiner soleis at attgoringa er ein konsekvens av reguleringa av vassdraget. M.a. grunna endra vannføring gjennom året, og auka temperatur på vatnet i vinterhalvåret, ref. Rapport om vegetasjon, temperatur og vannkvalitet frå Rådgivende Biologer 2022.

Hafslovatnet Grunneigarlag har i ei årrekkje hevda at innfrysing av graset er den mest effektive og økonomiske måten og handtera problemet på (ref. Niva rapport 1992), men reguleringa av vassdraget gjer det vanskeleg å få

dette utført skikkeleg. Regulering av Hafslovatnet spenner i dag frå HRV 168,5 moh. til LRV 167,2 moh. , men med spesifikke reglar for vannstand iløp av kalendaråret. Desse spesifikke reglane innanfor HRV og LRV, lyt krevjast revidert i det føremålet å kunna utføra effektiv innfrysing av botnvegetasjonen. Dagens reglement opnar for LRV i tida 01.april til 15.mai. I si tid vart dette regelverket utarbeida for å sikre stabile isforhold igjennom vinteren for m.a næringstrafikk på isen. Klimaet er i endring og det vert mindre og mindre aktuelt med næringstrafikk på isen fordi den ikkje er trygg nok, og fordi det er opparbeida alternative måtar for trafikken som t.d skogsbilveggar.

For å få låg nok vasstand for å frysa inn graset i innfrysingstida til isen, bør dette tidsrommet for LRV endrast til 01.november til 01.april.

2. Stillestående vatn mellom Hafslovatnet og Soget

Konsesjonen opnar for at Hafslovatnet frå 15.sept kan løftast til 168,5 moh. Dette ilag med minstevassføring i tunnelen fører i praksis til at elva mellom Hafslovatnet og heilt fram til Soget vert stillestående, tilnærma ingen gjennomstrøyming. Dette er svært uheldig for sportfisket, uheldig for gytevandringa, og har truleg også negativ effekt for bekjempinga av grasveksten. Reglementet bør her endrast slik at ein oppnår gjennomstrøyming i elva.

3. Flaum og høg vassstand

Grunneigarar opplever at ved store nedbørsmengder eller stor snøsmelting vert vassføringa stor, og Hafslovatnet høgare enn konsesjonen opnar for. Grunneigarlaget opplever at tapping av Hafslovatnet gjennom det gamle elveleiet til Årøyelvi vert for seint igangsett for å kunna hindra skadeflaum på eigedommane rundt Hafslovatnet. Konsesjonen nyttar formuleringa «Hafslovatnet skal så vidt mulig holdes omkring kote 168 frå 15.mai til 15.september» Formuleringa lyt endrast til å kunne gje eit strengare og ei meir førutseieleg praktisering av vassstanden for Hafslovatnet.

Årøyvassdraget har i dag prioritet 1.2 for revidering av konsesjon. Hafslovatnet Grunneigarlag meiner at Årøyvassdraget kvalifiserar til prioritet 1 med ovanstående punkt. Grunneigarlaget meiner at det openbart er store skadar og ulemper for viktige almenne interesser, og at delar av desse ulemper og skadar kan løysast innanfor ein rimeleg kost/nytte vurdering.

Grunneigarlaget tek utgangspunkt i at det seinare vil bli anledning å belyse punkta ovanfor meir konkret i høve t.d ei høyring.

Med venleg helsing
Hafslovatnet Grunneigarlag

v/ Olav Bremer

Vedlegg; Rapport 3747 Rådgivende Biologer, Niva rapport 1992, Årsmelding for Hafslovatnet
Grunneigarlag 2024